


Folkehøgskulelivet, og for så vidt livet generelt, liknar på Sunnmørsalpane - det går opp og ned. Det fine er at du møter gode vener i ein heilt annleis skulekvardag enn det du er van med frå tidlegare. Faga er færre og fridomen er større. Det gjer året ulikt frå veke til veke. Kva som blir ditt høgdepunkt i året gjenstår å sjå.

Bli kjent



# FOLKEHØGSKULEÅRET

Du søkjer deg inn på eit linjefag, og brukar mykje av tida di der. Når året er omme kan det likevel vere fellesopplevelingar, undervisning og turar på tvers av linjene som sit sterkest igjen.



### Musikalperiode

To veker i januar jobbar vi kun med å lage ein musical. Her kan du utfalte deg, anten du drøymer om å stå på scena eller arbeide med scene, lyd eller lys.

Kvart år ser nærmere 2500 personar oppsetninga i kulturhuset Sjøborg. Dei siste åra har elevane sett opp Rockeulven, Annie, Madagaskar, Happy Feet, Ronja Røverdatter, Jungelboken, Løvenes Konge og High School Musical.



### Fellesturar

Å reise på tur saman styrker det sosiale mijøet på skulen. Difor har vi til saman 14 dagar på fellesturar. Vi startar året med ein opningstur i Sunnmørsalpane. I løpet av året har vi også turar til Ålesund og fuglefjellet på Runde. I mars har vi ei skiveke på Bjørli, før året avsluttast med ein tur til opplevingsgarden «Hakalle-garden». Her fyller vi dagane med seminar, dyrestell, cowboyfest, liveband, BBQ og fjellturar.



### Skiveke

I mars flyttar vi heile skulen til fjells på jakt etter laussnø. For mange er dette eit stort høgdepunkt. På dagtid køyrer vi ski eller snowboard og legg gjerne inn ei langrennsøkt. På kveldstid ventar det god mat og like god underhaldning. Dette er ei veke som dessverre er over så alt for fort!



### Turneringar

Kvart år blir det tatt ut skulelag for gutter og jenter til svært prestisjetunge fotball- og volleyballturneringar. Her møter vi seks andre folkehøgskular til dagar med knallhard innsats og stappfulle tribunar. Målet er å slå Molde, som har ei eiga fotballlinje, og Sunnfjord, som har eigne volleyballinjer. Det er grei stemning når det skjer.



### Fritid

Folkehøgskulelivet handlar om mykje meir enn det som skjer på dagtid. Kvart år har vi tolv andreårs-elevar som legg til rette for ulike miljøaktivitetar. Dei er handplukka for å lage god stemning i gymsalen, dansesalen, formingssalen, treningsstudioet, musikk-studioet, øvingsrommet, kapellet og i elevstovene. Om du skulle ha tid til overs, kan du no strikke skulen sin eigendesigna genser som du ser på bildet.